

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Tirsdag 7.november 2023 Kl. <u>19.00 – 21.00</u>
Møtestad:	Kyrkjekontoret (gamle posthuset i Sæ)
Opning:	Dag

Til stades: Leif Steinar Alfsvåg, Magne Andresen, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Kirsti Angvik Frugård, Randi Agnete Nysæter, Dag Sele, Runar Isdahl (2.vara) og Brynhild M. Stautland (sakshandsamar)

Forfall: Knut Johannes Gram, Jørgen Knudsen og Dag Kjetil Lægreid (1. vara)

SAKLISTE

2023/64- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent, med nokre ekstra orienteringssaker

2023/65- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent

2023/66- 012 Val av leiar, nestleiar og medlemmer til Stord Kyrkjelege Fellesråd

Det nyvalde soknerådet konstituerer seg sjølv, og må velja følgande på første møte:

Vedtak:

Anders Dahl er valt som leiar ut 2024

Sigrid Beate Tveit Eskeland er valt som nestleiar ut 2024

Dag Sele og Knut Johannes Gram er valt som faste medlemmer til Stord Kyrkjelege Fellesråd

AU set opp forslag til å plassera medlemmer til 1.og 2. varamedlem til Stord Kyrkjelege Fellesråd. Vedtak vert gjort på neste møte.

2023/67- 012 Utval tilknytt Stord sokneråd – og oppnemning av medlemmer til desse

Som del av konstituering av nytt sokneråd er det naturleg å gå gjennom kva utval ein har som arbeider for Stord sokneråd, og det er behov for å oppnemne nye medlemmer til desse. Vedlegg 2 beskriv kva utval det førre soknerådet har hatt og kva mandat dei har jobba etter.

Vedtak:

- Stord sokneråd vidarefører dei følgande utvala: Arbeidsutval, Gudstenesteutval, Trusopplæringsutval, Diakoniutval og Kyrkjelivsutval.
- Mandat for diakoniutval skal oppdaterast til å reflektere at dette fungerer som eitt felles utval for sokneråda i Stord og Nysæter sokn.
- Soknerådet ønskjer å ta initiativ til å starte opp att eit frivilligutval med medlemmer frå Stord sokneråd og representant frå dei tilsette.
- Soknerådet vidarefører også komiteen som arbeidet med kyrkjelydshus. Medlem i komiteen frå Stord sokn vert plassert av AU.
- AU set opp eit forslag til å plassera medlemmer til dei ulike utvala. Det er mogleg for kvart enkelt medlem å koma med spesifikke ynskjer. Vedtak vert gjort på neste møte.

2023/68- 012 Medlem til styret i Kyrkjestova Fredheim

Stord sokneråd oppnemner eitt fast medlem i styret for Kyrkjestova Fredheim.

Forslag til vedtak:

[Namn] vert oppnemnt til medlem i styret i Kyrkjestova Fredheim på vegne av Stord sokn. Dette vervet vert og plassert av AU.

2023/69- 112 Årsbudsjett 2024 – førebels handsaming - saka er utsatt

Stord sokneråd skal vedta budsjett for året 2024. Det vert lagt opp til ei innleiande drøfting med innføring i rekneskapstal per 30.august 2023 (sjå vedlegg 3) og ein samtale om

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

prioriteringar for det komande året. Det vert høve til å diskutere dette i utvalsmøter ila november før endeleg handsaming på soknerådsmøtet 5.desember.

2023/70- 012 Møteplan og årshjul for 2024

Soknerådet vedtek ein møteplan med datoar for våren 2024 og kan lage eit første utkast til årshjul med tema for dei ulike møta. Årshjul for 2023 frå førre sokneråd er vedlagd som informasjon (vedlegg 4). Soknerådet bør og drøfta om ein vil ha eit utvida møte (kveld eller laurdag) ila våren for å gi moglegheit for å bli betre kjend med kvarandre og arbeidet.

Vedtak:

Soknerådsmøter:

Ons 24.jan kl 19-21

Tirs 20.feb kl 17-19

Tors 21.mar kl 19-21? kan bli endring

Ons 24.apr kl 17-19

Tirs 21.mai kl 19-21

Ons 19.jun kl 19-21

Tilhøyrande dato for arbeidutvalsmøte:

Ons 17.jan kl 16

Tirs 13.feb kl 16

Tors 14.mar kl 16

Ons 17.apr kl 16

Tirs 14.mai kl 16

Ons 12.jun kl 16

Andre viktige datoar våren 2024:

Døgnet (12.-13.januar) – her er det forventa at alle faste og varamedlemmer deltek.

Moster 2024 jubileumsuke: 29.mai – 2.juni

Folk i sentrum m/gudstjeneste på Osvald: 9.juni

Innspel til årshjul: -Utsatt

- ...

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. ~~«Kva skjer i kyrkja vår?», orientering v/Jørgen~~

2. ~~Orientering frå Fellesrådet v/ Dag~~

3. ~~Informasjon frå komiteen for nytt kyrkjelydshus~~

4. Julestall ved Heiane Storsenter. Initiativ frå Reidar Ådnanes. Om å ha ope to siste helgene før jul. Kom forslag om samarbeid med Frelsesarmeen. Soknerådet er positive. Viktig å koma i gang med å fylla opp vaktlistene, slik at ein ser om det er mogleg å få til.

5. Markering i gudsteneste 26.nov med takk til gammelt sokneråd og presentasjon av nytt

Skriv, referat og meldingar

1. Referat, Diakoniutvalet 18.oktober 2023

Anders Dahl
Soknerådsleiar

Bryndhild M. Stautland
Sakshandsamar og referent